

Referat frå FAU-møte måndag 24.06.19

Tilstade: Camilla, Randi, Ann Kathrin, Ann Kristin, Elise, Kari og Laila

1) Gapahuk

- støyping (Er avtalt med Marius at han kan i juli). Ann Kathrin snakka med Marius og Morten.

- beise (Randi har handla inn) og legg ut Facebook med invitasjon til beisetid.

Det er observert at ungdommar frå fredagskafe sit på taket. Gapahuken må no støypast, festast/skruast fast, slik at ein sikrar at det ikkje oppstår farlege situasjonar.

- FAU vedtok å kjøpe ei ny bålpanne til gapahuken sommaren 2019.

2) 17. mai. (Elise har to minnepenner, Siri har ein, pr. 24.06.19)

- *Matkomitè*
 - To iskiosker?
 - For mykje suppe? Fins det noko alternativ til suppe?
- *Hovudkomitè*
 - Må huske gåvekort på soft el.l. til dei som har spelt i korpset.
 - Kan ein gjere meir ut av toget? Gråtass, traktor, trekkspel etc.?
 - Oppdrag til klassane med premier? Heiarop? Tema? Kan skulen «øve»? (korleis går ein i tog!).
 - Problem at små barn spring innimellom korpset. Kanskje idrettslaget bør gå etter korpset.
- *Leikekomitè*
 - Premie 60 m. medaljar gravert med 17. mai, 60 m.
 - Stafetten – kva skal vere premie? Gavekort på softis + sjokolademedalje vart godt mottatt, diskutere lagoppsett til stafett – kan ein gå tilbake til bygdestafett? Meir engasjerande? Hugs ulike klede el. Liknande for å kunne skilje laga. Få inn laglister. Gjere jobben til «roparen» lettare.
 - Fiskedam open for ei begrensa tid, dette annonserast. Ikkje kjøpe snop etc. då dette går ut på dato.

Skaffe VIPPS, då må ein skaffe eit eige organisasjonsnummer. Elise er på saka!

3) **Klassemiljø**: Vi hadde ein runde om kva som rører seg i klassemiljøet i dei ulike klassane. Ein må framleis arbeide med tiltak for å betre klassemiljøa.

4) Foreldremøte

- FAU reagerer på at det ikkje vert arrangert foreldremøte i klassane på våren. Dette ynskjer vi frå neste skuleår. Ulike tema som høver til dei ulike klassane bør vere sentralt.
- Det skal veljast nye klassekontaktar i nokre av klassane. Det er ynskjeleg at begge klassekontaktane stiller som FAU-representant. FAU blir då eit meir representativt organ, då det gjerne er ulike opplevingar frå dei ulike føresette.

5) Saker vidare til hausten

- FAU ynskjer at det også vidare vert sendt ut oppsummering/brev om arbeidet til FAU til dei føresette kvar jul/sommar.
- To foreldremøter, sjå sak over.
- Bussaksjon
- FAU ynskjer at dei ulike klassane gjennomfører to klassetreff for elevar og føresette i løpet av skuleåret. Ein bør unngå at desse hamnar rett før jul/sommar.
- Skaffe VIPPS
- Temakveld? TIPS: Psykisk helse (no har vi allereie brukt barnevakten to gonger). Fungerte godt å ha dei eldste elevane med.

TAKK FOR OSS! GOD SUMAR!